

Eksamen

26.05.2020

NOR1211-NOR1231 Norsk hovudmål
Norsk hovedmål
NOR1218-NOR1238 Norsk for elevar/elever
med samisk eller finsk som andrespråk



Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamens-tid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpe-middel	<p>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå opent Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.</p> <p>Når du bruker nettbaserte hjelpemiddel under eksamen, har du ikkje lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre på er ikkje tillate.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Andersen, Per Thomas. 2011. «Hva skal vi med skjønnlitteraturen i skolen?» <i>Norsklæraren 2/2011</i>. Utdrag</p> <p>Bildøen, Brit. 2014. <i>Sju dagar i august</i>. Oslo: Samlaget. Utdrag</p> <p>Fridtun, Kristin. 2019. «Utvikling eller latskap?» <i>Språket er ei bukse. Om biletbuiken i norsk språkdebatt</i>. Utdrag. Oslo: Samlaget</p> <p>Kielland, Alexander. 1879. «En god samvittighet». <i>Samlede novelletter</i>, 4. utgåve 2000. Oslo: Gyldendal. Utdrag, språkleg tilrettelagd</p> <p>Klakegg, Bjarte Daviknes. 2009. «Reykjavik». <i>Heliumhjarte</i>. Oslo: Samlaget</p> <p>Kulturdepartementet. 2019. <i>Spillerom. Dataspillstrategi 2020–2022</i> https://www.regjeringen.no/contentassets/42ac0925a3124828a2012ccb3f9e80c9/spillerom--dataspillstrategi-2020-2022.pdf Nedlastingsdato 15.10.2019. Utdrag</p> <p>Loe, Erlend. 2016. «Read a fucking book», i Nils-Øyvind Haagenen (red.). <i>Lesehistorier</i>, Oslo: Flamme forlag. Utdrag</p> <p>Nilsen, Stein. 2019. «2019 – et viktig år». <i>Perspektiv 11/2019</i></p>
Informasjon om oppgåva	Du skal svare på oppgåva i del A. I del B er det fire oppgåver, og du skal svare på éi av dei. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12.
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Nynorsk

Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løyse oppgåva.

Del A Kortsvarsoppgåve

Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «2019 – et viktig år» av Stein Nilsen, administrerende direktør i flyselskapet Widerøe

Formuler kort kva du meiner er formålet med den vedlagde teksten, og gjer greie for korleis etosappellen kjem fram.

Kommentar: Du skal bruke relevant fagspråk og eksempel frå vedlegget.

Del B Langsvarsoppgåver

Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.

Oppgåve 1

Vedlegg:

- «En god samvittighet» av Alexander Kielland, 1879, utdrag
- *Sju dagar i august* av Brit Bildøen, 2014, utdrag

Samanlikn dei to vedlagde tekstutdraga, og plasser dei i den realistiske tradisjonen.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald i tekstane og bruke relevant fagspråk. Du kan sjølv velje korleis du vil strukturere teksten din.

Oppgåve 2, 3 og 4 står på neste side.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Utvikling eller latskap?» av Kristin Fridtun, 2019

Skriv ein resonnerande tekst der du gjer greie for Kristin Fridtuns syn på talemålsutvikling og drøftar om det har nokon verdi å kjempe for å behalde dialektane i Noreg.

Kommentar: Oppgåva er todelt. I den første delen skal du bruke eksempel frå tekstvedlegget. I den andre delen skal du drøfte på ein sakleg måte og bruke kunnskap om talemål og talemålsutvikling.

Oppgave 3

Vedlegg:

- Replikk frå karakteren Tyrion Lannister i serien *Game of Thrones*, 2019
- Utdrag frå teksten «Read a fucking book» av Erlend Loe, 2016
- Utdrag frå rapporten *Spillerom. Dataspillstrategi 2020–2022* frå Kulturdepartementet
- Utdrag frå artikkelen «Hva skal vi med skjønnlitteraturen i skolen?» av Per Thomas Andersen, 2011

Menneske har alltid fortalt kvarandre historier i ulike former, for eksempel sagaer, eventyr, romanar, filmar, tv-seriar og dataspel. Skriv ein kreativ tekst der du utforskar kvifor forteljingar kan ha stor betydning for menneske.

Kommentar: Oppgåva opnar for ulike løysingar. Du kan vise kreativitet gjennom dei innfalls-vinklane du vel, og måten du bruker språket på. Du skal bruke tankar og idear frå minst to av vedlegga. Du kan også bruke andre tekstar du kjenner.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Reykjavik» av Bjarte Daviknes Klakegg, 2009

Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhald. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempel frå teksten.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamens-tid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk, finsk som andrespråk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt. Når du bruker nettbaserte hjelpemidler under eksamen, har du ikke lov til å kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måter å utveksle informasjon med andre på er ikke tillatt.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Andersen, Per Thomas. 2011. «Hva skal vi med skjønnlitteraturen i skolen?» <i>Norsklæraren 2/2011</i> . Utdrag Bildøen, Brit. 2014. <i>Sju dager i august</i> . Oslo: Samlaget. Utdrag Fridtun, Kristin. 2019. «Utvikling eller latskap?» <i>Språket er ei bukse. Om biletb Bruken i norsk språkdebatt</i> . Oslo: Samlaget Kielland, Alexander. 1879. «En god samvittighet». <i>Samlede novelletter</i> , 4. utgave 2000. Oslo: Gyldendal. Utdrag, språklig tilrettelagt Klakegg, Bjarte Daviknes. 2009. «Reykjavik». <i>Heliumhjarte</i> . Oslo: Samlaget Kulturdepartementet. 2019. <i>Spillerom. Dataspillstrategi 2020–2022</i> https://www.regjeringen.no/contentassets/42ac0925a3124828a2012ccb3f9e80c9/spillerom--dataspillstrategi-2020-2022.pdf Nedlastingsdato 15.10.2019. Utdrag Loe, Erlend. 2016. «Read a fucking book», i Nils-Øyvind Haagenen (red.). <i>Lesehistorier</i> . Oslo: Flamme forlag. Utdrag Nilsen, Stein. 2019. «2019 – et viktig år». <i>Perspektiv 11/2019</i>
Informasjon om oppgaven	Du skal svare på oppgaven i del A. I del B er det fire oppgaver, og du skal svare på én av dem. Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12.
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Bokmål

Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren er til hjelp for å løse oppgaven.

Del A Kortsvarsoppgave

Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.

Vedlegg:

- «2019 – et viktig år» av Stein Nilsen, administrerende direktør i flyselskapet Widerøe

Formuler kort hva du mener er formålet med den vedlagte teksten, og gjør greie for hvordan etosappellen kommer fram.

Kommentar: Du skal bruke relevant fagspråk og eksempler fra vedlegget.

Del B Langsvarsoppgaver

Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.

Oppgave 1

Vedlegg:

- «En god samvittighet» av Alexander Kielland, 1879, utdrag
- *Sju dager i august* av Brit Bildøen, 2014, utdrag

Sammenlign de to vedlagte tekstutdragene, og plasser dem i den realistiske tradisjonen.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold i tekstene og bruke relevant fagspråk. Du kan selv velge hvordan du vil strukturere teksten din.

Oppgave 2

Vedlegg:

- «Utvikling eller latskap?» av Kristin Fridtun, 2019

Skriv en resonnerende tekst der du gjør greie for Kristin Fridtuns syn på talemålsutvikling og drøfter om det har noen verdi å kjempe for å beholde dialektene i Norge.

Kommentar: Oppgaven er todelt. I den første delen skal du bruke eksempler fra tekstvedlegget. I den andre delen skal du drøfte på en saklig måte og bruke kunnskap om talemål og talemålsutvikling.

Oppgave 3

Vedlegg:

- Replikk fra karakteren Tyrion Lannister i serien *Game of Thrones*, 2019
- Utdrag fra teksten «Read a fucking book» av Erlend Loe, 2016
- Utdrag fra rapporten *Spillerom. Dataspillstrategi 2020–2022*, fra Kulturdepartementet
- Utdrag fra artikkelen «Hva skal vi med skjønnlitteraturen i skolen?» av Per Thomas Andersen, 2011

Mennesker har alltid fortalt hverandre historier i forskjellige former, for eksempel sagaer, eventyr, romaner, filmer, tv-serier og dataspill. Skriv en kreativ tekst der du utforsker hvorfor fortellinger kan ha stor betydning for mennesker.

Kommentar: Oppgaven åpner for ulike løsninger. Du kan vise kreativitet gjennom de innfallsvinklene du velger, og måten du bruker språket på. Du skal bruke tanker og ideer fra minst to av vedleggene. Du kan også bruke andre tekster du kjenner.

Oppgave 4

Vedlegg:

- «Reykjavik» av Bjarte Daviknes Klakegg, 2009


Tolk novella.

Kommentar: Du skal skrive om både form og innhold. Du skal bruke relevant fagspråk og konkrete eksempler fra teksten.

Widerøe er et norsk flyselskap som ble grunnlagt i 1934 og flyr mye på kortbanenettet i Norge. De hvit- og grønnmalte flyene deres flyr til mange små flyplasser i hele landet. Bladet Perspektiv er Widerøes gratismagasin som reklamerer for reisemål som du kan nå ved å fly med Widerøe, og teksten er lederartikkelen fra desember 2019. / Widerøe er eit norsk flyselskap som blei grunnlagd i 1934 og flyr mykje på kortbanenettet i Noreg. Dei kvit- og grønnmåla flya deira flyr til mange små flyplassar i heile landet. Bladet Perspektiv er eit gratismagasin frå Widerøe som reklamerer for reisemål som du kan kome til når du flyr med Widerøe, og teksten er leiarartikkelen frå desember 2019.

SE FLERE HISTORIER
fra Widerøes verden!

PERSPEKTIV.
WIDEROE.NO



2019 – ET VIKTIG ÅR

Jubileumsåret 85 år nærmer seg slutten, og det er litt av et år vi kan se tilbake på!

2019 er året da Widerøe virkelig var med å sette klima på dagsorden. Det er året der det lille, grønne flyselskapet ble invitert over hele verden for å snakke om ny teknologi og el-fly. Om hvorfor det er en god idé å utvikle el-fly for at kortbanenettet skal ha en lys fremtid, hvorfor dette er helt nødvendig for klima, men ikke minst hvorfor det er helt nødvendig for at hele flyindustrien fortsatt skal få vokse og utvikle seg. Da Widerøe, som de første i bransjen, begynte å snakke om el-fly, var det ikke mange i bransjen som hadde "trua". I 2019 inngikk Widerøe en avtale med verdens nest største motorprodusent, Rolls-Royce, der vi sammen skal se på hvordan vi kan gjøre nullutslippsfly lønnsomt. Når vi nå ser slutten på 2019, er vi skrekkelig glade for at store deler av flyindustrien følger etter.

Vi trenger et teknologiskifte skal vi klare å videreutvikle flytilbudet vårt, samtidig som vi sikrer at kloden vi etterlater oss er i god stand til dem som kommer etter oss. Men også for at de som kommer etter oss skal ha samme muligheter til å reise som oss. Da trenger vi et teknologiskifte og el-fly.

2019 ga oss begrepet «flyskam». Vi i Widerøe tror ikke at vi kan skamme oss til endring. Kortbanenettet er sentralnervesystemet i Norge. Det er det som har gitt oss levende bygder, og det er en forutsetning for verdiskapning langs hele norske-

kysten. Vi skal ikke skamme oss over at vi må fly i Norge. Vi skal fortsatt kunne reise til arbeid og sykehus uten å skamme oss. Vi skal selvsagt ta den ferien vi fortjener. Men vi kan ta kloke valg. Vi i Widerøe vil slå et slag for kortreist ferie. Det er bedre for miljøet å feriere i eget land; en weekend i Tromsø setter mindre fotavtrykk enn en weekend i New York. Lange flyreiser slipper ut mer CO₂ enn korte flyreiser. Velger du å reise med Widerøe, skal du vite at vi jobber hver eneste dag for at vi så raskt som mulig kan ta i bruk el-fly på kortbanenettet.

I 2019 tok Widerøes nye visjon form: «Vi skal skape muligheter mellom små og store steder – uten at dette skader klima». Det er en stor visjon for et lite flyselskap. Vi klarer det ikke uten innsats – fra oss selv og fra dere som kunder.

Takk for at dere velger Widerøe og bidrar til det grønne skiftet gjennom å støtte det arbeidet vi gjør.

Med ønske om en fredelig jul og et riktig godt, grønt nytt år! ■

“2019 ga oss begrepet «flyskam». Vi i Widerøe tror ikke at vi kan skamme oss til endring.



STEIN NILSEN

Administrerende direktør

En god samvittighet

Novella handler om fru Warden fra overklassen, som vil oppleve byens fattigdom og reiser fra byens villastrøk til et møte med en familie i den fattige delen av byen. / Novella handlar om fru Warden frå overklassen, som vil oppleve fattigdommen i byen og reiser frå villastrøket til eit møte med ein familie i den fattige delen av byen.

[...] Kusken hadde sin ordre, den han hadde mottatt uten å fortrekke en mine; og da det ikke fantes innvendinger i hans munn, kjørte han dypere og dypere inn i de forunderligste gater i fattigkvarteret med et ansikt som om han kjørte til hoffball.

Endelig fikk han befaling om å stanse, og det var også på høy tid. For gaten ble trangere og trangere, og det så ut som om de fete hester og den fine vogn om et øyeblikk ville bli sittende fast som en propp i en flaskehals.

Den urokkelige viste intet tegn på engstelse, skjønt situasjonen i virkeligheten var fortvilet. Et vittig hode, som stakk ut av et takvindu, anbefalte ham endog å slakte hestene på stedet, da de dog aldri kunne komme levende ut igjen.

Fru Warden steg ut og bøyde inn i en enda trangere gate; hun ville oppsøke det verste.

I en dør stod en halv voksen pike. Fruen spurte: «Bor her meget fattige folk i dette hus?» Piken lo og svarte noe, idet hun strøk tett forbi i den trange dør. Fru Warden forstod ikke hva hun sa, men fikk et inntrykk av at piken hadde sagt noe stygt.

Hun trådte inn i det første værelse hun traff.

Det var ikke noe nytt for fru Warden at fattige folk aldri holdt sine rom tilstrekkelig utluftet. [...]

Samtalen begynte og ble ført som denslags samtaler pleier å føres. Om hver var forblitt i sitt språk og innen sin tankegang, ville disse to kvinner ikke forstått et ord av hverandre. Men da den fattige alltid kjenner den rike så meget bedre enn den rike kjenner den fattige, så har denne siste tilegnet seg et eget språk – en egen tone, som erfaring har lært ham å bruke, når det gjelder å bli forstått; – det vil si forstått således at den rike får lyst til å være velgjørende. Nærmere hverandre kunne de aldri komme.

Dette språk forstod den fattige kone til fullkommenhet, og fru Warden hadde snart et omriss av hennes elendige tilværelse. Hun hadde to barn – en gutt på fire, fem år, som lå på gulvet, og et lite barn ved brystet.

Fru Warden betraktet det lille gråaktige vesen og kunne ikke begripe at det allerede var tretten måneder gammelt. Selv hadde hun hjemme i vuggen en liten koloss på syv måneder, som var minst en halv gang så stor.

«De må gi barnet noe styrkende» – sa hun, det foresvevet henne noe om Kindermehl og appelsingelé. Ved ordene «noe styrkende» reiste det seg et lurvet hode i sengehalmen; det var en blek huløyd mann med et stort ulltørkle om hodet.

Fru Warden ble redd. «Deres mann?» – spurte hun.

Den fattige kone svarte ja –, det var hennes mann. Han var ikke gått på arbeidet i dag, fordi han hadde sådan tannpine.

Fru Warden hadde selv hatt tannpine og visste hvor vondt det er. Hun uttalte noen ord av oppriktig medfølelse.

Mannen mumlet noe og la seg igjen, og i det samme oppdaget fru en person, hun ikke før hadde bemerket.

Det var en ganske pen ung pike, som satt i kroken på den andre siden av ovnen. Hun stirret et øyeblikk på den fine damen, men trakk straks hodet til seg og bøyde seg forover med ryggen nesten vendt mot den fremmede.

Fru Warden tenkte at den unge pike hadde et håndarbeide i fanget, som hun ville skjule; kanskje var det noe gammelt tøy hun satt og lappet.

«Men hvorfor ligger den store gutt på gulvet?» spurte fru.

«Han er lam» – svarte moren. Og nå fulgte en omstendelig beskrivelse og mye klaging over den stakkars gutt, som var blitt lam i hoftene etter skarlagensfeberen.

«De må kjøpe ham» – begynte fru Warden – «en rullestol» – ville hun ha sagt. Men det falt henne inn at det var bedre hun kjøpte en selv. Det var ikke tjenlig at fattige folk fikk mange penger mellom hendene, men noe ville hun dog gi konen straks. For her ville hun hjelpe, her var virkelig trang til stede, og hun grep i lommen etter sin portemoné.

Den var der ikke. Det var ergerlig – den måtte ligge i vognen.

Av Alexander Kielland. Utdrag fra novellen «En god samvittighet», 1879. Språklig modernisert

Kindermehl: morsmelkerstatning

portemoné: lommebok

Sju dager i august

I utdraget møter vi Sofie, som skal hente pc-en til ektemannen Otto på kontoret hans. Otto er leiar for FROM – foreninga for romfolket, ei diskriminert og fattig folkegruppe. Utanfor kontoret sit ei kvinne med eit barn. / I utdraget møter vi Sofie, som skal hente pc-en til ektemannen Otto på kontoret hans. Otto er leder for FROM – foreningen for romfolket, en diskriminert og fattig folkegruppe. Utenfor kontoret sitter en kvinne med et barn.

Sofie hadde ikkje vore der sidan innflyttingsfesten i juni. Det verka tomt og stille, sjølv om det var tidleg på ettermiddagen. Var dei på reise alle saman? Ho gjekk sakte opp trappene, tungpusta. Det blei stadig meir trykkande og lummert ute. I kvar etasje hang skilt med namna på organisasjonane som heldt hus der. Den norske Helsingforskomité, Norsk PEN, Den norske Tibetkomité, Norsk Organisasjon for Asylsøkere ... Og heilt på toppen, i den tronge loftsetasjen, Foreningen for Romfolket. Så mange dedikerte folk, tenkte Sofie. Så mange gode intensjonar, og likevel ser verda ut som den gjer. Så registrerte ho at det var nokon der, ein skugge øvst i trappa. Ei kvinne, kledda

flaut ut rundt henne. Da Sofie kom nærare, såg ho at det var eit lite barn ho krumma seg rundt. Kvinna såg uttrykkslaust på henne, kanskje overraska over at det ikkje var Otto som kom. Kva gjer eg no, tenkte Sofie. Ho sette frå seg veska og sa hei.

– Eg er kona til Otto, sa ho. Kvinna reagerte på namnet hans. Sofie viste fram handa med giftingen, peika på ringen.

– Kona, sa ho. – Wife.

Barnet vrei seg i fanget på kvinna. Ein liten hjarteforma munn kom til syne, auga var framleis skjulte under sjalet. Det var ingen baby, som Sofie først hadde trudd.

– Jente? spurde Sofie. – Girl?

Kvinna verka heilt apatisk. Ho måtte vere svært varm, tenkte Sofie. Det såg ut som ho hadde fleire skjørt utanpå kvarandre og noko som likna på ei ulljakke under sjalet. Kanskje ho ikkje hadde meir enn det ho gjekk og stod i.

– Kan eg hjelpe deg? Treng du hjelp?

Kvinna såg opp mot døra som førte inn til loftsetasjen der Otto hadde kontoret sitt. Døra var stengd. Otto kjem ikkje i dag. Sofie rista på hovudet og la an ei sørgmodig mine. – Otto har hatt ei ulykke. Han er sjuk. Sjukmeld. Forstår du? Do you understand me?

Kvinna slo auga ned. Var det eit ja?

Sofie sette seg i trappa. Saman sat dei to kvinnene og stirte på det sovande barnet. Eit djupt sukk kom frå kvinna, men ho sa framleis ingen ting. Den vesle jenta verka ganske tynn. Sofie prøvde å tenke. Otto ville visst råd, men det var ingen måte å få tak i han på. Ho kunne ha gitt kvinna pengar, men hadde ikkje kontantar. Det verka ikkje som det var nokon på dei andre kontora heller. Halvhjarta prøvde ho døra i etasjen under. Låst. Får ho mat? tenkte Sofie. Får ungen mat? Ho gjekk opp trappa igjen, smaug seg forbi kvinna og låste opp døra som førte inn til Ottos kontor. Kvinna skulle til å reise seg. Sofie stoppa henne med ei handrørsle.

– Vent litt. Vent. Eg skal berre hente noko.

Ho hadde vore på kontoret til Otto før, eit par gonger. [...]

I den eine skuffa låg to hundrelappar og nokre småpengar. Letta raska Sofie med seg papirpengane, putta dei i lomma og fekk med seg mappene og pc-en ut av kontoret. Kvinna snudde seg da ho kom ned trappa. Sofie smilte unnskyldande mens ho strevde med å få alt ned i sykkelveska. Den var nesten full frå før, av lydbøker og eska med den nye mobilen.

– Eg måtte hente dette for Otto, slik at han kan få jobbe litt heime mens han er sjukmeld, sa ho og brydde seg ikkje lenger om kvinna skjøna kva ho sa. Da ho hadde fått snørt saman veska, stakk ho handa ned i lomma og drog fram dei to hundrelappane.

– Og så fann eg desse. Du kan kjøpe mat til deg sjølv og barnet ditt.

Sofie stod med pengane utstrekke mot kvinna, som ikkje såg ut til å ville ta imot dei. Så plutseleg, skaut den eine handa hennar fram og greip rundt handa hennar med pengane.

Av Brit Bildøen, 2014

Utvikling eller latskap?

[...]

Filmsnuttane i familiearkivet vårt provar at eg råka ut for eit dramatisk – men svært vanleg – språkskifte i barndommen: Talemålet mitt endra seg frå utprega dialekt til temmeleg preglaus bokmålsnær tale.


Som 3–4-åring hadde eg ein dialekt som lett kan plasserast til flatbygdene ved Mjøsa. Det er ikkje rart at eg tala slik, for både foreldra mine og mormora mi, som eg var mykje i lag med på denne tida, kjem frå Hamar-området og har mjøsdrag i målet sitt. Videoopptaka syner at eg nytta former som *je*, *dom* og *itte* og bøygde orda på tradisjonelt vis. Dei sterke verba fekk einstava former i presens («je driv», «je kjæm»), medan dei linne verba hadde *e* som endingsvokal og bortfall av *r* («dom jobbe» 'dei jobbar'). Dei såkalla *a*-verba enda på *-e* i fortid («je bremse» 'eg bremsa'), og hankjønnsorda enda som regel på *a* i bunden form fleirtal (*stena* 'steinane', *bila* 'bilane', *hæsta* 'hestane'). Dessutan sa eg «hølle'ti» ('halda i', eig. 'halda uti'), «gå'tur» ('gå ut or') og «klæ'ta seg» [...]

Eit av favorittopptaka mine er frå ein fjelltur den hausten eg fylte fire. Far min filmar at eg kliv opp på ei diger røys, og medan eg baksar meg opp mot toppen, seier eg veslevakse: «Å je klatre på æssa stena her!»

Få år seinare var desse draga så godt som borte. Eg sa *jeg* og *ikke*, *kommer* og *driver*, *klatrer* og *jobber*, *steinene* og *bilene*, «holde i», «gå ut av» og «kle av seg». Store saker hadde hendt med språket mitt – og eg har som nemnt ikkje noko minne om det. Eg kan ikkje hugsa at nokon kommenterte målet mitt eller at eg sjølv tenkte noko over saka.

Ikkje hadde eg flytt heller. Eg budde i det same huset i det same bustadfeltet i den same småbyen, Elverum. Men det sosiale livet mitt var annleis. Dei første leveåra var eg mest i lag med godt vaksne menneske som tala hedmarksdialekt av noko slag, og eg gjekk i ein liten barnepark som låg langt utanfor sentrum. Som femåring fekk eg plass i ein større og meir sentralt plassert barnehage, og så byrja eg på skule i Elverum sentrum i lag med andre sentrumsungar. Livet mitt vart så å seia sentralisert, og språket lempa seg etter dei nye omgjevnadene og den nye omgangskrinsen. Bortsett frå nokre få former (t.d. *hu* 'ho', *gutta* 'gutane' og *har skrevi* 'har skrive') var det samanfall mellom talemålet mitt og skriftspråket bokmål, som dessutan var hovudmålet mitt gjennom heile skulelaupet.

Å seia at eg vart «snikbokmålfisert» er kanskje å ta for hardt i, men det er ikkje heilt gale heller. Morsmålet mitt vart skubba til sides av eit anna mål utan at nokon eigenleg fekk det med seg



Kristin Fridtun vaks opp i utkanten av Elverum, men foreldra og besteforeldra kom frå Hamar-området. Dette området kallar ein ofte flatbygdene på Austlandet.

– og aller minst eg sjølv. Det nye målet smaug seg inn og tok umerkeleg over rolla som hovudspråk og daglegtale. Med det meiner eg ikkje at det bokmålsnære talemålet er ei vond makt som nyt å manipulera forsvarslause born. Born har ei framifrå evne til å suga til seg språk, og det var nettopp det som hende her: Eg eigna til meg språket åt dei andre ungane. Skiftet gjekk av seg sjølv, og eg trur ikkje at eg opplevde det som eit tap der og då.

Den vaksne Kristin ser litt annleis på saka. Eg synest det er sårt at det språket eg delte med bestemor mi, det undervurderte og ofte låtteleggjorde flatbygdmålet, nesten vart borte for meg. Og eg synest det er harmeleg at ei rekkje særprega austlandsmål med lange tradisjonar vert utskifte med stort sett det same, bokmålsnære talemålet. Eg oppfattar det som språkleg utflating og einsretting. Denne einsrettinga prøver eg å yppa meg mot gjennom å skriva nynorsk og tala bokmålsfjernt etter beste evne.

Av Kristin Fridtun. Utdrag frå kapitlet «Frå sidelina I: Forfattaren som filter» i «Språket er ei bukse – om biletbuiken i norsk språkdebatt», 2019

«Hva binder mennesker sammen? Hærstyrker? Gull? Flagg?
– Fortellinger. Ingenting i verden er mektigere enn en god fortelling.»

Rollefiguren Tyrion Lannister i *Game of Thrones*, episode 6 i sesong 8, 2019, norsk versjon ved Utdanningsdirektoratet

«Derfor er bokhyllen fortsatt en av mine beste venner. Jeg har ikke tall på de erfaringene jeg har fått ta del i, de tankesprangene, hendelsene, relasjonene, forelskelsene, tapene, krigene, den hemningsløse sexen, de fremmede klodene – på grunn av bøkene.»

Erlend Loe: «Read a fucking book», *Lesehistorier* 2016

«Dataspel er ein naturleg og vesentleg del av samtidskulturen. Dataspel byr på nye former for formidling og interaksjon. [...] Dataspel tek opp i seg flere kunstartar, som visuell kunst, musikk, arkitektur og historieforteljning.»

Kulturdepartementet: *Spillerom. Dataspillstrategi 2020–2022. Til nynorsk ved Utdanningsdirektoratet*

«Hvis du ikke kan leve deg inn i hvordan andre har det, kan du verken være en god partner, en velfungerende forelder eller et gagnlig samfunnsmenneske. [...] Her kan skjønnlitteraturen og noen andre sjangrer spille en enestående rolle når det gjelder trening og utvikling av det empatiske individ. Fortellinger om andres liv og skjebne gir øvelse i å forstå andres liv, følelser, situasjon og behov.»

Per Thomas Andersen: «Hva skal vi med skjønnlitteraturen i skolen?», i *tidsskriftet Norsklæreren* 2/2011

Reykjavik

Dei stár nede ved bensinstasjonen. Det er laurdagskveld, vi er eigentleg for unge til å vere ute, men vi er for gamle til å vere inne. Eg kjem gåande mot dei frå Eigilsgata. Eg har Hallgrímskyrkja bak meg, og det følest akkurat slik, som om eg er i ferd med å vende ryggen til Gud. Gunnar snur seg mot meg, smiler.

– Der er du, seier han.

Eg kjem bort til dei.

– Det er noko eg må fortelje dykk, seier eg og pustar djupt inn, tel til tre. – Eg liker best gitar.

Det blir stille, dei ser på meg, kikkar på kvarandre. Eg har gått igjennom dette mange gongar i hovudet, sett det for meg, som i ein film:

– Vi liker deg òg, skal Gunnar svare.

– Det har vore einsamt, skal eg seie.

– Vi er alle einsame, skal Gunnar svare og sparke i grusen.

Men dei seier ikkje noko. Dei berre ser på kvarandre.

Eg har også sett for meg dette: Dei blir forbanna. Dei seier at eg har lurt dei, at eg har svikta dei, at eg har lyst på dei. Dei forbannar alle gongane dei har vore nakne saman med meg i garderoben, i dusjen. Eg får eit slag over kjeven, som sender meg i bakken. Så sparkar dei meg, etter tur. Disiplinert, som etter ein rytme. «Jævla homo,» seier dei. Og sjølv om det etter kvart vil slutte å gjere vondt og kjensleløysa vil ta over, og det einaste eg vil merke, er lyden, dei dumpe klaska, kroppen min som bevegar seg i takt, i ein dans med kvart enkelt spark, så vil eg ikkje vere klar for smerta over at dei snur ryggen til meg. Uansett kvar eg kjem ifrå, kjem eg berre til å sjå ryggen på dei.

Ei svak skjelving byrjar i mellomgolvet, eskalerer og spreier seg ned i beina, forplantar seg ned i bakken, borar seg djupt ned i dei tektoniske platene som ligg under oss og gnissar mot kvarandre. Bakken byrjar å riste, kjakane dirrar, tennene skranglar i kjeften på oss. Murpuss byrjar å drysse frå veggen på bensinstasjonen, fordeler seg fint og stivnar i lufta mellom oss. Slørar til dei spørjande andleta til Gunnar, Njål og Gudmund, festar seg i dei pistrete håra på overleppene deira. Dei får murpussbartar, jordskjelvbartar. Eg får meg ikkje til å opne munnen. Får meg ikkje til å seie noko. Murpuss har spreidd seg vidare utover i lufta, dansar som glorier ikring gatelysa som skranglar og blinkar, dannar ei pulserande svevegloriegate opp mot Hallgrímskyrkja. Det knirkar og knakar i bakken, olje pipar opp mellom småsteinane, det knekk ein lårhals i nabohuset, porselen krakelerer i alle hus, laken blir vætte og jorda murrar, og dei stár berre og ser på meg. Føtene mine stár på kvar si tektoniske plate som drar meg kvar sin veg, truar med å kløyve meg på midten. Med eit sukk opnar jorda seg under meg.

Magmastønn blæs opp mot meg, svir av augebryna. Eg maktar ikkje røre meg. Moder jord sleiker meg oppetter leggane med si raude eldtunge, og eg kjenner at eg er i ferd med å falle, at eg glepp, at verda glepp, og eg lèt meg sluke, fell bakover, ned i dette svimlande mørket.

Eit knekk i dei tektoniske platene, som ved eit piskeslag. Heile jordlag, heile gruslag, heile asfaltlag sprett opp og tar imot meg, legg meg mjukt ned mot bakken. Oljen i grusen som ein regnboge rundt hovudet mitt. Murpussen som drivande tåke over andletet, eit sukk frå magmadjupet syg han til seg, legg han over andletet mitt som ein membran, vernar meg mot alt dette som skal kome.

Ein hund gøyr bak kyrkja ein stad. Ein bil kjem køyrande inn på bensinstasjonen. Måkene som heng over oss, frosne som i eit maleri, byrjar brått å fly, vengeslaga deira slår pusten inn i oss igjen. Eg ser ned i den oljespetta grusen, fargane tar til å gli over i kvarandre, blir uklare.

– Kom, seier Gunnar og drar meg lett i øyret. – Kom, så går vi og pælmar kråkeballar på havet.

Av Bjarte Daviknes Klakegg, 2009

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt hvis du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!